


Bjørn Tore Birkeland

## Bygdefilosofen Villien Nedrebø



*Villien Nedrebø fødd 1866 død 1938*

*Villien Nedrebø er ein spesiell og fascinerande karakter frå bjerkreimssoga.*

Bonden, for det var det han helst ville vera kjend som, frå Nedrebø har etterlate seg ein stor og spennande skriftleg produksjon. I tillegg var Nedrebø ein aktiv mann innan styre og stell og ein føregangsmann når det gjaldt nyvinningar innan fleire felt. Kvifor må ein poengtera at han var bonde? Jau, for var det noko bjerkreimsbuen hugser om Villien var det det at han ikkje kunne driva garden. Familien måtte nok gjera sin tørn på garden i og med at Nedrebø hadde så mykje han styrte med.

Villien Nedrebø var fødd på Nedrebø den 25. juli 1866 som den eldste på bruk nummer 2 på Nedrebø. Frå barndomen hans er det viktig å nemna at faren Peder døydde i ei drukningsulukke då Villien var 12 år. I 1887 overtok Nedrebø gardsdrifta etter eit kort Amerika-opphald (som han visstnok sa sjølv, så hadde han reist over for å stilla klokka) Han gifta seg med Vilhelmine Svela i 1889 og dei fekk etterkvart 8 barn.

I 1901 gjorde Nedrebø noko spesielt, i ein alder av 25 år reiser han eit år på folkehøgskule til Voss. Heime blir kona og fire ungar frå to til elleve år igjen for å driva garden over vinteren. Dette året må ha vore eit inspirerande år for Nedrebø, som nok hadde ein særskild hunger etter kunnskap. På Voss hadde han undervisning i fleire fag av dyktige lærarar. I tillegg fekk han leva i eit skikkeleg skulemiljø.

Men alt før Nedrebø reiste på folkehøgskulen fekk han gitt ut den første boka si. *Nutid og Fremtid*

blei gitt ut i 1898. Dette er ei visjonær skildring av framtida og ein politisk og religiøs kritikk av samtida. Han greier og ut om korleis samfunnet bør endras. Til dømes føreslår han at dei yrka som lever på andre folk sitt arbeid, som fabrikkengarar, offiserar og prestar bør forsvinna. Med andre ord ei slags revolusjonær bok frå Bjerkreim i 1898, utan at Nedrebø nokon gong siterer Marx. Nei, løysinga for Nedrebø er å ta utgangspunkt i bonden og bonden sitt arbeid. Ein må flytta vekk frå byane og heller ta i bruk heile landet. I tillegg må ein få til eit skikkeleg folkestyre. Det kanskje mest spesielle med denne boka er den enorme trua på nye oppfinningar. Til dømes seier Nedrebø dette om flyet: «Naar problemet - flyvemaskinen - er løst tilfulde, da løsnes alle baand, som binder folkene i samfund. Afstandene hæves, grændserne mellem folkeslagene ophører. Krigen og politiken sluttes, der altid følger som tro følgesvende med samfundene.» (Nedrebø, Villien *Nutid og fremtid : en sosial-politisk betragtning*, Stavanger Trykkeri: 1898, s. 146) Ein veit lite om kva slags mottaking denne boka fekk. Men det at Nedrebø fekk skrive og gitt henne ut er historisk svært spennande. Det var ikkje mange bønder med så lite formell utdanning som ga ut bøker i Noreg på denne tida.

Fire år seinare var Nedrebø klar med ei ny bok: *Evige Kloder*. Dette var ei bok om eit såpass ambisiøst tema som astronomi. Særleg ambisiøst var dette fordi Nedrebø verken hadde stjerneikkert eller hadde studert faget. Likevel greier han ut om korleis han såg for seg at jorda blei til. Nedrebø meiner at klodane i universet går frå å vera kalde til varme planetar, noko som blir gjenteke i ein evig syklus over millionar av år. Sola mister "varme" i form av at lyset har masse og jorda blir stadig varmare. Til slutt vil jorda bli ei sol sjølv. *Evige Kloder* er ikkje eit vitskapleg verk og kan heller ikkje vurderast slik. Det som er fascinerande er kvifor han er oppteken av slike spørsmål. Det er og interessant korleis han bruker svært daglegdagse hendingar for å forklara vanskelege fenomen. Til dømes forklarar han sentrifugalkrafta ved å fortelja korleis ein mjølkeseperator virker. I motsetnad til *Nutid og Fremtid* blei denne boka meldt i lokalavisen. Men dei var nok like imponert av at bonden frå Bjerkreim hadde skrive dette, som av sjølv innhaldet.

Samtidig som han skreiv bøker og dreiv gard var Nedrebø oppteken av politikk. Han sat i kommunestyret for Venstre og blei verande i det radikale venstre då partiet blei splitta i 1885. Han sat i kommunestyret i fleire år og var engasjert i opprettinga av ysteri på Vikeså og forbrukslag i Bjerkreim. I tillegg fekk han bygd det første privat eigde og drivne kraftverket i Bjerkreim i 1913. (Det første var tilknytta wolfram og molybdengruva i Ørsdalen og blei bygd i 1907)

Men det var særleg ei politisk sak som engasjerte Nedrebø sterkt: jorddyrking. I 1910 starta Nedrebø eit opprop for at ein skulle samla inn til eit fond slik at fattige skulle kunna få eit rentefritt lån til jorddyrking. Kjende nasjonale skikkelsar som Christian Michelsen, Lars Oftedal og Arne Garborg skreiv mellom andre under på dette oppropet. Han fekk sett opp eit arbeidsutvalg og reiste sjølv inn til Stortinget for å agitera for saka. Dessverre blei det slik at det rentefrie jorddyrkingsfondet ikkje blei eit nasjonalt fond. Det blei flytta frå komite til komite på Stortinget utan å bli iverksett. I 1915 prøver han igjen å ta opp igjen arbeidet i Rogaland. Dei får her samla inn litt pengar og nokre bønder får pengar til nyrydding. Utan at det blei den store blesten rundt saka som Nedrebø nok hadde ønska. Men når det gjaldt dette spørsmålet fekk Nedrebø og gjort noko sjølv. Saman med sønene fekk han dyrka opp nybrottsbruket Høgevoll på garden i 1925.

Nedrebø var likevel ikkje ferdig med skriving. I 1929 fekk han gitt ut ennå ei bok: *Utviklingens Maal - makt over døden*. Denne boka må ein vel rekna som hovudverket hans. Her vidareutviklar han tankane sine frå *Evige Kloder* til ein eigen kosmologi: altså ei lære om heilskapen til kosmos,

eller rett og slett korleis alt heng saman. I boka lanserer han teorien om korleis evige ånder påverkar skapningane på jorda. Menneska er påverka av falne ånder frå ein planet som har blitt kald og nå må arbeida seg framover for igjen å nå paradistilstanden. Skal ein oppnå dette må menneska og leva mest mogleg i tråd med Jesus sine ideal som ein kan lesa om i det nye testamentet. Gjer ein det skal ein få evig liv på ein annan planet. Nedrebø er og ein sterk tilhengjar av reinkarnasjonslæra. Ånder som har lukkast dårleg, kan bli gjenfødde i dyr, som har dårlegare sjansar til å leva etisk rett. Med sin teori meiner Nedrebø han kan forklara mykje av det uforklarlige i verda, slik som spiritisme, telepati og gjenferd. Det er ikkje lett å vita kva ein skal meina om Nedrebø sine forholdsvis sprelike teoriar. Men ein kan sjølv sagt la seg fascinera over engasjementet hans og kanskje la seg inspirera av den enorme trangen til å formidla korleis menneska skal få det bedre.

Kor hentar han inspirasjon frå? Jau, det han har tilgjengeleg av skriftlege kjelder og tankestraumar frå samtida, godt ispedd med sine eigne tankar. Han var nok sterkt inspirert av lokale storheiter som Arne Garborg og Mauritz Kartevold. Han er og sterkt påverka av kristendomen, særleg det Jesus seier. Men han er og sterkt kritisk til mange tolkingar av Bibelen og alt det galne som blir gjort i kristendomen sitt namn. Det som slår ein når ein les boka er kor uavhengig han stiller seg frå majoriteten sitt syn på religion og tru. Han prøver å forstå absolutt alt han undrer på, og forstå verda slik at ho gir mening. Det betyr at han gladeleg lar seg inspirera av alt som kan hjelpa han til å forstå bedre, uansett om det skulle vera kontroversielt eller ikkje. (Nedrebø er til dømes ein sterk tilhengjar av Charles Darwin si utviklingslære) Og ikkje nok med det, i tillegg meiner han at det er så meningsfullt at han vil gi det ut slik at andre skal få lesa!

*Utviklingens Maal - makt over døden* blei meldt i lokale aviser. Han blir kritisert for å vera for lite vitskapleg, men igjen er meldarane imponerte over at han har fått gitt ut boka. Det er umogleg å seia noko om nedslagsfeltet og om boka blei lesen av mange. Nedrebø besøkte Arne Garborg på Knudaheio og spurte om han kunne melda boka. Garborg skriv om dette i dagboka si, og gir ei svært god vurdering av Nedrebø sitt prosjekt: «Folkefilosofen er religiøs: spør etter ”Utviklingens Maal” og nøgjer seg med Tru der Tenkjaren krev Visse: Tenkjaren lyst slaa seg til Ro med "Lover" som læt seg sannprøve, medan Folk, som krev greie paa *Verdsformaale*, klarar seg med det ”rimelege” i Staden for aa krevja Prov (greier seg med Religion, medan Kulturmannen krev Vitskap).» (Garborg, Arne *Dagbøker – Band VI*, Aschehoug: 1924, s. 250) Nedrebø fell på ein måte mellom to stolar, for fritenkjande for dei religiøse og for lite akademisk for dei vitskapsinteresserte.

Nedrebø var og Bjerkreimskorrespondent for Stavanger-avisene gjennom mange år. Han informerte om runde tal, dødsfall og avling. I tillegg skreiv han småstubbar om kjende folk eller spesielle hendingar. Han var og engasjert i den politiske debatten, særleg når det gjaldt dyrkingsspørsmålet og andre jordbrukssaker. I 1930 kom han og med ei kort bok *Gotfred Fuglestad: landets første reveopdrætter* som er eit portrett av revejegaren og oppdrettspioneren Gotfred Fuglestad. I denne boka skriv Nedrebø mykje meir strukturert enn i dei andre bøkene. Kanskje fordi stoffet ikkje var så komplisert? Boka er interessant både som ei historie om livet til Fuglestad og som ein politisk kommentar av samtida. På dei eldre dagane sine hadde Fuglestad blitt politisk svært radikal og Nedrebø vidareformidla gjerne tankane hans.

Den siste boka Nedrebø skreiv blei aldri gitt ut. *Sabatsaar eller sosialisme* skulle vera eit innlegg i den store økonomiske debatten på 30-talet. Nedrebø meiner at skal ein få løysa den økonomiske

krisa må ein få setja i stand eit økonomisk verdsråd. Ved å innføra eit "sabbatsår" kor lån blei avslutta og pengar skulle omfordelast ville ein igjen få like konkurransevilkår. Ideen om sabbatsåret henter Nedrebø frå Bibelen, men ellers er han nok sterkt inspirert av tankane til det norske Samfundspartiet leia av Bertram Dybwad Brochmann. Det var mange som prøvde å løysa desse spørsmåla i mellomkrigstida, men dessverre blei Nedrebø si bok altså aldri gitt ut.

Villien Nedrebø døydde av lungebetennelse i 1938. Han er ikkje så godt kjent utfor kommunegrensene, men han representerer eit aspekt ved Rogaland som det er forska lite på. Nedrebø representerer eit alternativt Rogaland og ikkje minst eit alternativt Bjerkreim. Det kan vera fleire som gjekk rundt og sulla med dei same tankane, men det var få som skreiv dei ned og enda færre som fekk dei gitt ut. I ettertida har ofte rogalandsbonden blitt framstilt som mest oppteken av misjonssaka, men Nedrebø er eit døme på at det fanst menneske med svært ulike interesser. Derfor er bøkene hans fascinerande kjelder for oss i ettertida når me vil prøva å forstå korleis folk hadde det for hundre år sidan.

Denne teksten er i hovudsak basert på masteroppgåva mi: "Ta anstøtsstenene bort av folkets vei" - Ein mikrohistorisk studie av bjerkreimsbuen Villien Nedrebø (1866-1938) levert ved Universitetet i Oslo i 2005.

Oversikt over bøkene til Villien Nedrebø:

Utgitte bøker:

" *Nutid og fremtid : en sosial-politisk betragtning* (Stavanger, 1898),

" *Evige kloder : et naturlovmæssigt bevis for at verden aldrig forgaar.* (Stavanger, 1902)

" *Utviklingens mål: makt over døden : et utsyn over verdensutviklingen bygget på videnskapelige og religiøse forutsetninger : og forøvrig iakttagelser fra naturen og dagliglivet.* (Stavanger, 1929)

" *Gotfred Fuglestad : landets første reveopdrætter* (Stavanger, 1930)

Uutgitte bok:

" *Sabatsaar eller sosialisme* (Finst i arkivet etter Villien Nedrebø hjå Viktor Nedrebø)

Aaland Gård, mars 2011

Paul Tengesdal